



KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

25. Årg.

September 1971

Nr. 6

DET STØRSTE AV ALT

Er me Guds born, seier Paulus, so er me ervingar, Guds ervingar og Kristi med-ervingar. Med desse orda har Paulus sagt so tydeleg som det kan seiast, kor stort det er å vera eit Guds barn.

Det største av alt er at eit Guds barn kan alle verta. Det vert me ved å taka imot Jesus. So mange som tek imot han, dei gjev han rett til å verta eit Guds barn.

Då Jesus kom til sine eigne tok dei ikkje imot han. Dei ville ikkje god-taka han for det han gav seg ut for. De stilte seg i opposisjon til han. Dei forkasta han.

Det er mange som har fylgt og fylgjer i jødane sine fotefar. Det gjer alle som kjenner Guds frelsesplan i Kristus Jesus som motsetning til eigne tankar og meininger.

Jesus vil berre verta motteken av dei som er samde med Gud i hans

frelse, hans miskun og nåde. Men det er ikkje mange. Det er heller ikkje lett å verte det. Dette hender berre når Gud ved sitt ord og den Heilage Ande får overtyda mennesket om grunn-skaden i seg sjølv, og om kor naud-synleg Guds frelse i Jesus Kristus er.

Gud må i sitt tolmod og ved sin kjærleik overvinna hindringane hjå den einskilde. Berre der Jesus kan finna, og so lenge han får vinna den motstandslause inngangen og hindringslause virkningen i sjel og sinn, er ein eit Guds barn av nåde og eig med rette barnenamnet, barnekåret og barneretten.

Lukkeleg er kvar den som er fødd inn i Guds frelsande nåde i Jesus Kristus og som har vort barn av Gud for Kristi skuld og framleis lever i denne nåden.

O. Vaksdal

Salmer og sanger vi er glad i

Salmer og sanger vi er glad i heter et program i radio, og når jeg har anledning til det lytter jeg etter om det er sanger som jeg er spesielt glad i og det er det ofte. Men det er mange gamle, kjære og kjente salmer og sanger som mange av oss savner. Lat oss derfor gjennem kirkebladet vårt få frem slike ønsker. Det er sikkert mange som har en spesiell sang eller salme på hjertet, og som kan være til glede og oppbyggelse for våre lesere. Hvor vi enn befinner oss, enten vi kjører eller vi går en tur, når vi er hjemme eller vi er på arbeidsplassen, så går vi gjerne og nynner på en tone som vi liker teksten til. Det er sikkert mange som har det slik i kirkekrisen vår. Kom derfor med deres ønske til kirkebladet om en sang eller salme du er særlig glad i, så vil vi synge den i lag.

Her er en sang som jeg ofte nynner på:

Om jeg eide alt, men ikke Jesus, tror du det var nok å stole på? Kunne dette hjertet tilfredsstilles med de ting som skal så snart forgå? Om jeg eide alt, men ikke Jesus. Å hva var det for mitt vel? Hva er hele verden mot å eie fred med Gud og frelse for min sjel.

Men nå har jeg alt, ja alt i Jesus — lækedom for alle hjartesår, ingen synd som ikke han forlater, ingen nød som ikke han forstår.

Om jeg eier Jesus, bare Jesus, om i hele verden intet mer, så eier jeg dog alt i Jesus, han som liv og overflod meg gir.

Adolf Jensen.

ISRAEL OG VI

Hvorledes kan Israel være utvalgt av Gud? Det er jo ikke bedre enn andre folk? Dette spørsmål leste jeg nylig i et blad. Den som spurte røpet liten kjennskap til Guds ord. Bibelen har aldri sagt at Israel er bedre enn andre folk. Den forteller at det var et håndnakket folk som satte Guds tolmodighet på prøve gang på gang. Og den understrekker sterkt at det ikke var nogen fortjeneste fra deres side som lå til grunn for utvelgelsen. Valget var av nåde, sprunget ut fra Guds evige kjærighet. Løftet til Abraham: «I din ætt skal alle jordens slekter velsignes», kan Gud aldri glemme. Løftet er oppfylt i Jesus Kristus. Den største synd vi gjør er å forkaste den-

ne Guds gave.

I Romerbrevet elleve skriver Paulus utførlig om Israels forhold til hendingefolkene som vi i Norge hører til. Han kaller Israel for naturlige grener på vintreet, som blev avbrutt på grunn av deres synd, og at vi som var ville oljekvister blev innpodet i vintreet i deres sted. Jeg siterer nogen vers fra samme kapitel, de er bedre enn mine ord. Rom. 11,19-22:

— Du vil da si: Grenene blev avbrutt for at jeg skulde bli innpodet? Vel, ved sin vantro blev de avbrudte? men du står ved din tro. Vær ikke overmodig, men frykt. For sparte ikke Gud de naturlige grener, da ville han heller ikke spare dig. Så se da Guds

KYRKJELYDSBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar Gudmund Skiftun. Dalekvam.

Faste medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magna Hesjedal.

Kasserad Ragnar Trohjell, 5290 Stammeshella. Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri tlf. 8 Norheimsund

Mot haust

Kyrkjebladet har hatt sommarferie og kjem utkvild tilbake. Det går mot haust. «Alt har han laga fagert i si tid. Ja, æva har han lagt ned i hjarta deira.» Slik såg Preikaren på Guds skaparverk. Inn under Guds omsut går også årstidene.

Dei varme strående sommardagar vart det ikkje mange av i juli. Til vederlag har me hatt nokre vakre augustdagar. Dei kom då skuleborna steig i veg med ransel på ryggen for å taka fritt på klatrestigen opp til lærdom og generasjonsskifte.

Og no går det mot haust — ei vacker tid. «Fagrast er rosa heilt utsprungen.» Aldri er lufta klårare enn i solblanke haustdagar. «På fjellet er det leikande å ganga til og frå og kringom toppen reikande så vidt om

godhet, og strenghet. Strenghet er over dem som falt, men over dig er Guds godhet, så fremt du holder dig til hans godhet, ellers skal også du bli avhugget. —

Alt det jødene har gjennemgått fordi dei ikke kjente sin besøkelsestid, og som vi kjenner så godt til, må stå som en advarsel og lærepenge for oss. Det har i all fall Gud tenkt det til.

Johanne B. Helle.

lanl å sjå.» Og mellom busker og kratt ventar blåbær og tytebær på gjester. Dei kviskrar til den stille og lutande vandrar: «Mal meg sund at du kan smaka svaledrykken av mitt blod.»

I vår overgang frå sommar til haust kjem kyrkjebladet med ei påminning om at du må ikkje bløyme å be, og takka. «Då skeda me kan innover det sæle og soljose land. Og lufta med helsebot slær oss imot, den evige ungdom han veks for vår fot. Nei, Ingenting visnar i himmeriks jord, men alle ting gror.» Slik kunne Aaders Hovden syngja i lukkelege stunder.

For ei framtid for den som skodar mot heimlandet, mot byen som Gud har gjort ferdig for oss. Men veien dit er Jesus, og Han byd oss forlating for at me er slik me er. Så lenge Gud byd oss forlating for syndene våre har me gode tider.

Då dei første kristne skulle dra ut eit kort svar på kva Gud gjev den som kjem til tru, så forma dei det i trusvedkjennings i desse orda: Forlating for syndene. Det var mangt anna dei kunne ha sett i staden. Men i lys av Jesu soning og forsoning vart forlating for syndene den store samnemnar for Guds frelsesordningar — og er det den dag i dag. «Frå denne artikkelen kan ein ikkje vika eller gjeva etter om så jord og himmel fell,» seier Luther. På dette grunnlag kan du fletta inn dei mange ting om Guds omsut og visdom. Men øvst og grunnleggjande må stå det Jesus ofra livet sitt for — at du og eg skal få forlating for syndene. «Måtte me alltid minnast kvar me i verda går at til Guds eige hjarta den barnlege bøna når.»

G. Skiftun.

Tung bodskap

Mellom dei som sette livet til ved skipsulukka ombord i Meteor var også den unge Ove Valestrand. 13. juni i år hadde han vorte 17 år. Etter eit kurs på skuleskip reiste han ut som messegut, og han like seg godt. Der var mykje å sjå og oppleva på dei vare reisene med turistbåten Meteor, og den unge svartlugga guten saug inn inntrykk. Så vårt han nådelaust riven i bort i lag med kameratane sine. Det var vondt, og ingen kan svara på spørsmålet utan Gud.

Ved gravferda frå Dale kyrkje var frammøtet stort. Far til Ove bar urna i fanget ut frå kyrkje, og han sette urna ned i Ove si grav. Ove var kjend som ein kvikk og snill gut, og han er mykje sakna. Kyrkjebiadet vil gjerne takka Jorunn og Olav Valestrand for den rolege og djupe sorg som dei møtte bygdefolket med — ei sorg som alle tok del i.

Tenestemenn sluttar av

Skulestyrar Vidar Fjæra og klokkar i Bruvik kyrkje har slutta og flytt frå bygda til eige hus i Skånevik. Han har vore lærar og klokkar i Bruvik i godt 20 år. Ved ei festleg samkome laurdag den 19. juni i år tok bygdefolket avskil med lærar Fjæra og kone. Mange nyttar høvet og bar fram takk og helsing til det avhaldne lærarparet. I tillegg til skulearbeidet og klokkarstillingen har lærar Fjæra halde søndags-skule og barnelosje. Han har gjennom åra vore med i styret for Bruvik Indremisjon. I fleire år har han vore formann i Bruvik sokneråd. Han slutta ved nådd aldersgrense.

Kyrkjeverja, medhjelpar og kyrkjetenar i Bruvik kyrkje Ole J. Bruvik har sagt opp sine ombod i kyrkja. Den 26. mars i år fylte han 83 år. I 1968 fekk han Kongen si fortjenestmedalje for langt og trufast arbeid i kyrkja. Han har vore og er ein god kyrkjemann, og kyrkjebaldet for Vaksdal som kjenner seg sterkt knytt til Bruvik, vil gjerne få bera fram ei hjarteleg takk til Ole J. Bruvik. Det var alltid trygt og godt når Ole J. Bruvik stelte med kyrkja, og ingen kunne ringja slik med kyrkjeklokken som han.

Me vonar at Bruvik kyrkje må få tenestemenn som held fram i same faret som lærar Fjæra og Ole J. Bruvik.

Osterøy prestegjeld

Osterøy heradstyre har teke opp saka at Osterøy må vera eit prestegjeld. Heradstyret har tidlegare gjort vèdtak om dette og slutta seg til framlegg frå Kyrkjedepartementet. Det er biskopen som har fått igjennom at Osterøy skal vera to prestegjeld. Fram legga frå sokneråda var noko ulike om prestegjeldsskipnaden.

13 klassar i ungdomsskulen

Ungdomsskulen har i år teke til med 13 skuleklassar. Nybygget er for lite, og det må länast rom i Dale folkeskule.

Med fagutdanning har skuleåret teke til med to yrkesskuleklassar, verksstadklasse på Dale og husstellklasse på Vaksdal.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE:

DALE:

Dag Jone Fadnes, fødd 4. mars 1971 døypt 5. juni.
Arthur Fridthjof Vaksdal, fødd 28. april 1971, døypt 12. juni.

Ernst Johansen, fødd 29. januar 1971, døypt 2. juli.

Jonny Johansen, fødd 29. januar 1971, døypt 2. juli

Endre Wolf, fødd 23. mai 1971, døypt 1. august.

Øivind Laurits Vatle, fødd 17. mars 1971, døypt 11. juli.

Ronny John Halleland, fødd 19. mai 1971, døypt 7. august.

Jan Kåre Grøtte, fødd 13. juni 1971, døypt 14. august.

Siri Stamnes, fødd 5. februar 1971, døypt 1. mai.

Karin Tysse, fødd 1. februar 1971, døypt 15. mai

Randi Takvam, fødd 4. mars 1971, døypt 16. mai.

Monica Verpelstad, fødd 29. april 1971, døypt 20. juni.

Astrid Bolstad, fødd 19. april 1971, døypt 26. juni.

Karianne Lid, fødd 24. april 1971, døypt 1. august

Tone Dale, fødd 25. mai 1971, døypt 1. august.

Wenche Helen Faugstad, fødd 23. juni 1971, døypt 1. august.

Merete Sagstad, fødd 7. mai 1971, døypt 14. august.

Unni Seim, fødd 9. mai 1971, døypt 14. august.

VAKSDAL:

Ivar Eilifsen, fødd 13. april 1971, døypt 31. mai.

Runie Eilifsen, fødd 13. april 1971, døypt 31. mai.

Morten Johansen, fødd 23. november 1970, døypt 7. februar.

Kjell Arve Økland, fødd 25. mai 1970, døypt 17. juli.

Torben Lindholm, fødd 30. april 1971, døypt 17. juli.

Jim Stavenes, fødd 28. mars 1971, døypt 25. juli.

Line Skage, fødd 1. april 1971, døypt 4. juli.

Anita Merete Tveit, fødd 2. mai 1971 døypt 17. juli.

STAMNES:

Trond Klausen, fødd 6. februar 1971 døypt 2. mai.

Geir Magne Gammersvik, fødd 10. mars 1971, døypt 20. mai.

Jorid Onarheim, fødd 6. mai 1971, døypt 30. mai.

Catrin Hagen, fødd 15. april 1971, døypt 6. juni.

Linn Janka Lilletvedt, fødd 13. mars 1971, døypt 2. mai.

Gro Eide, fødd 13. mars 1971, døypt 23. mai.

Kjersti Kvamme, fødd 5. april 1971, døypt 20. juni.

VIGDE:

DALE:

Gunnar Andreas Amundsen og Rita Bruvik, vigde 15. mai 1971.

Harald Lunestad og Mari Grønset, vigde i Tonsen, Oslo, 29. mai 1971

Edgar Andreas Søvik og Målfred Helle, vigde i Durban 11. juni.

Leif Håkon Lilletvedt og Åshild Marie Faugstad, vigde 26. juni 1971.

Arnt Johan Boge og Gunvor Nansy Hop, vigde i domkyrkja i Bergen 10. juli 1971.

Arne Røe og Berit Systad, vigde 7. august 1971.

Stein Ove Viksund, og Ragnhild Skeistrand, vigde 14. august 1971.

VAKSDAL:

Gunnar Karlsen og Sonja Sæterbø, vigde 3. juli 1971.

AVLIDNE:

DALE:

Ove Valestrand, fødd 13. juni 1954, døydde 24. mai 1971, gravlagd 18. juni.

Ingebrigtsen Ingebrigtsen, fødd 24. juni 1895, døydde 23. juni 1971, gravlagd 30. juni.

Thomas Øye, fødd 4. november 1883, døydde 26. juli 1971, gravlagd i Bergsdalen 30. juli.

Sofie Sandal, fødd 24. august 1881, døydde 24. juni 1971, gravlagd 1. juli.

Anna Hatlestad, fødd 15. august 1885, døydde 1. juli 1971, gravlagd i Bergsdalen 10. juli.

Konstanse Magdalena Sæterdal, fødd 4. august 1894, døydde 28. juli 1971, gravlagd 3. august.

Marta Sandal, fødd 11. august 1896, døydde 6. august 1971, gravlagd 11. august.

STAMNES:

Klara Langeland, fødd 29. juni 1899, døydde 24. juli 1971, gravlagd 31. juli.

Magdalena Brørsvik, fødd 4. august 1889, døydde 27. juli 1971, gravlagd 4. august.

Den ustemed harpa

I ei gammal borg var der for lenge sidan ei kostbar harpe, men folket på borga hadde ikkje noko glede av harpa, for ho var ustemd og skurra i strengene. Mange freista å stemma harpa, men skjøna seg ikkje på det.

Harpa vart difor sett i ei kro og samla støv.

Men så ein dag kom ein ukjend ferdamann innom borga. Han fekk sjå harpa og bad om å få spela på henne. Først stemde han instrumentet til kvar tone var rein, og så sette han seg til å spela den vakraste musikk som nokon gong hadde lydd i borga.

«Høyr dei heimlege tonane garta med ein livfyl og leikande ljud. Dei kan trengja heilt inn i vårt hjarta, når frå hjarta dei koma med bod.»

«Og når eg høyrer det målet lirrar, det er så tårer or augo trillar. Og når eg høyrer det målet læt, eg stundom smiler og stundom græt.»

«Målet hennar mor me vil aldri, aldri gløyma. Kor det gjeng i verdi til, det vil tunga góyma. Det må fekk i moderarv alt det beste hjarta tarv.»

Kyrkjebladet

Ragnar Trohjell ny kasserar.

Kyrkjebladet har hatt årsmøte og teke farvel med kasserar Sveinung Sandal. Den nye kasseraren Ragnar Trohjell, Gammersvik, var med på møtet og vart ynskt velkommen og takka for di han har teke på seg kasserryrkjet.

Reknsekapen frå 20/6 1970 til 2. juni 1971 syner ein kassasum på kr. 4.332,07. Trykking for kvart nummer av bladet mar koste 536,30 Bladpengane har i nemnde bolk kome inn med 5490, og annonseinntekta har vore kr. 800,-. Bjarne Thaule har revidert rekneskapen.

På årsmøtet møtte heile styret for kyrkjebladet med unnatak av Magne Hesjedal som var hindra i å koma. Møtet vart halde i prestebustaden på

Dale. Styret for bladet er alle soknerrådsformennene i prestegjeldet, begge prestane, Johanne B. Helle, kasseren, no Ragnar Trohjell og Magne Hesjedal. Årsmøtet for kyrkjebladet er representert av alle soknene i prestegjeldet og er med og knytter saman det vidsveimde Vaksdal soknekall.

Søndagen

Kaj Munk skreiv i si tid at me må ikkje fara åt som barbarar med søndagen. «Det vert ikkje betre med verda før søndagen etter vert ein heilagdag til Guds ære og til kveik for men-

Eidsland Samvirkeleg

EIDSLANDET

Filial: Lavik

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

Dale Blomsterhandel

Blomster ved alle høve

Ring tlf. 2346 — Dalekvam

neskesjelene. Søndagen skal ikkje tyrannisera oss, men me skal heller ikkje fara åt som barbarar med søndagen. Det må frå dei kristne jordlag spira eit oppattnya syn for det hemner seg grovt å fara ufint åt med det tredje bodet — like lite som med dei andre bodorda.»

Me fer ufint åt med det tredje bodet meinte diktarpresten Kaj Munk. Kva anna kan seiast når stendig fleire og fleire ikkje legg noko anna i søndagen enn ein fridag, soying ut over føremiddagen, motordur, hyttebygg, sport og kino.

Søndagen er Herrens dag og heilagdag.

GUDSTENESTER

14. søndag e. treeining (12. september):

Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd. Bergsdalen kapell: Res. kap. Bjørsvik. Nattv.

15. søndag e. treeining (19. september):

Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd. Offer til Dale sokneråd.

16. søndag e. treeining (26. september):

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Lærarakademiet. Eksingedalen kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til soknerådsarbeidet.

17. søndag e. treeining (3. oktober):

Vaksdal kyrkje: Gudsteneste i høve prostimøte. Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun.

18. søndag e. treeining (10. oktober):

Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Eidsland kapell: Res. kap. Bjørnsvik Nattverd. Bergsdalen kapell: Sokneprest Skiftun.

19. søndag e. treeining (17. oktober):

Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun. Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.

20. søndag e. treeining (24. oktober):

Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun. Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421	Frå	Til
Måndag t.o.m.		
torsdag	8.30	15.00
Fredag	10.00	17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605		
Tysdag	9.30	16.00
Torsdag	9.30	13.00
Fredag	9.30	17.30

STAMNES, Tlf. 3 a		
Laurdag	9.00	12.00

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

RADIOSPECIALEN %

Tlf. 2240 DALKEVAM

R A D I O — T V

Reparasjonsverkstad

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER - SANGBØKER

EIDE & PETERSEN %

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM



Dale Servicestasjon
AGNAR VATLE
Tlf. 2189 - 2431 -
Dalekvam

Bensin - Dekk - Rekvisita

Stanghelle Handel

STANGHELLE

Vaksdal koop. Handelslag

V A K S D A L

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711
filial 3713

Kjøp i Dykkar eigen forretning